



Åseral skal vere
ein kommune med

Moglegheiter for alle

Åseral Høgre 



Åseral Høgre sine hovudmål for perioden

- Sentrum skal utviklast til eit levende sentrum
- Åseral skal være en «JA-kommune» som vil satse på næringslivet vårt.
- Kommunen skal aktivt jobbe for å finne lokasjon til Snøskuter bane/løype. Den Gode snøskuterkulturen ønsker vi at framtidens unge skal få glede av.
- Skape vekst og utvikling i Åseral kommune. Vi vil legge til rette for en berekraftig kraftutbygging og sikre at overskotet frå energiproduksjonen blir reinvestert i nye næringar, og andre godar for innbyggaren, hytteeigarar og turistar.
- Støtte opp om all fornybar energiproduksjon, inkludert vind-, vann- og solkraft.
- Ein skal kunne bygge og bu der ein har lyst.
- At kommunen skal støtte naudsynt ombygging av driftsbygningar på grunn av krav frå myndigheita, samt til modernisering og effektivisering for meir berekraftig landbruk. Slik at det blir attraktivt å overta gardane for neste generasjon.

Høgre meiner at kommunen er grunnmuren i det norske velferdssamfunnet. Kommunen spelar ei viktig rolle på alle samfunnsområde. Åseral Høgre vil at Åseral skal vere eit trygt lokalsamfunn med gode velferdstilbod for innbyggjarane. Vi skal ha eit sterkt lokaldemokrati. Høgre vil ha ein effektiv, open og brukarvenleg offentlig sektor som setter det enkelte menneske i sentrum, og som tilpassar seg den enkelte sine behov. Respekt for eigedomsretten er viktig.

For Åseral Høgre er det viktig at kommunen opplevast som positiv og løysingsorientert i alle møter med innbyggjarar, vitjande og næringslivet. Vi vil arbeide systematisk med omdømmebygging.

Næring og landbruk

I Åseral står landbruket sterkt. Kommunen satsar og på turisme, og vi er stolte av naturen vår. Det er viktig at kommunen legg til rette for landbruket samtidig som turistnæringa får bløme. Åseral Høgre meiner vi må ha som mål at det er rom for alle i kommunen.



Åseral Høgre vil:

- Skape vekst og utvikling i Åseral kommune. Vi vil legge til rette for en berekraftig kraftutbygging og sikre at overskotet frå energiproduksjonen blir reinvestert i nye næringar
- Støtte opp om landbruket, sikre og støtte investeringar som gjer det berekraftig og attraktivt for neste generasjon og overta.
- Støtte opp om all fornybar energiproduksjon, inkludert vind-, vann- og solkraft.
- At økt inntekt frå ny kraftproduksjon skal komme alle innbyggjarane til gode.
- Forutsigbare straumprisar for innbyggjar og næring.
- Gratis barnehage
- Ha auka bulyst med vesentleg økt støtte til bustadbygging.
- Auke støtta til frivilligheita.
- Støtte gode næringsprosjekt, uavhengig av kor dei er lokalisert i kommunen.
- Ha eit godt samarbeid med Åseral Næringsråd, bondeorganisasjonane, grunneigarlag og utmarkslag.
- Støtte Næringsrådet slik at de kan ha ein dagleg leiari, som motiverer og skapar arbeidsplassar i Åseral. Næringsrådet kan om mogleg og ta ein del av sakshandsaminga som kommunen gjer i dag.
- Tilskot til enøk og miljøtiltak.

Leve heile livet

Åseral har valt å stå aleine. For Åseral Høgre er det viktig å sikre at vi fortsett skal levere gode tenester til alle dei som treng det. Det skal vere godt å leve heile livet i kommunen. Åseral Høgre meiner og det er viktig at vi legg til rette for å ta heile kommunen i bruk.

Åseral Høgre vil:

- Sikre eit meir inkluderande arbeidsliv. Dette kan me gjer ved å opne for at menneske med redusert arbeidsevne kan prioriterast i kommunale tilsettingar.
- Jobbe for å fjerne utanforskap ved støtte slik at alle kan delta på meningsfulle aktivitetar, til dømes gøy på landet.
- Stimulere til at ungdom flyttar heim etter end utdanning. Lån som blir omgjort til stipend om ein bur i Åseral.
- Gjere det lettare å dela frå bustadtomter, der folk vil bu.
- Sikra eit varig eigna lokale for Ungdomsklubben med sterk medverknad frå ungdommen i forbindelse med sentrumsutvikling.
- Arbeide for at kommunen skal ha ei god samhandling med innbyggjarane. Til dømes digitale infoskjermer der folk ferdes.
- Fortsette stipendordning.

Kommunikasjon

Åseral Høgre vil vere positive til bygging av infrastruktur som gagnar innbyggjarar og vitjande. Framtida i Åseral vil og bli meir og meir digital. Difor er det viktig å sikra god internett tilgang. Gode vegar er naudsynt for alle som er busett i Åseral, for alle dei som vitjar oss og for næringslivet.

Åseral Høgre vil:

- Oppgradera og asfaltere kommunale vegar.
- Ny Bru til Torsland
- Ha sentrumsutvikling i Austrud med næring og leilegheiter.
- Arbeide for at fylkeskommunale vegar i kommunen blir bygd med tilstrekkeleg breidde for dagens trafikk, til dømes strekninga Lognavatn - Bortelid.
- Vere positive til at vegen Eikerapen – Vassbotnen vert omklassifisert til Fylkesveg
- Sikre trafikksikker skuleveg for alle.
- Vere positive til nye vegstrekningar som er samfunnsnyttige og økonomisk forsvarlege.
- Ha 5G-mobildekning i heile Åseral.

Livslang læring

Borna er framtida. Dei er Åseral sitt gull. Den viktigaste føresetnaden for at born skal lære, er at dei kjenner seg trygge. Vidare er det viktig for alle born å oppleve meistring i barnehage og skule. Forsking viser at kvalitet, haldninga hos dei tilsette, pedagogisk leing og pedagogisk kultur er meir viktig for borna sitt læringsmiljø og læringsutbytte enn talet på tilsette.

Ein lærer best på mett mage, kaldt og varmt skulemåltid skal vera tilgjengeleg for alle elevar i Åseral

Kompetanse er ikkje barre viktig for dei unge. Åseral Høgre meiner alle tenestene vi leverer skal ha høg kvalitet. Difor er kompetanse på alle fagområda i kommunen viktig.



Idrett, kultur og frivillig arbeid

Utan frivillig arbeid, stoppar alt. Åseral Høgre meiner difor det er viktig å ha ein eigen frivilligpolitikk. Utan dei frivillige eldsjelene blir bygda livlaus. Det frivillige arbeidet er viktig for bulyst, inkludera og integrering i kommunen. Vi må vite å ta vare på det engasjementet innbyggjarane i Åseral viser gjennom alt frivillig arbeid - innan både idrett og kultur.

Arbeidet med Kulturminneplanen er ein viktig del av arbeidet med å fortelja Åseral si særeigen historie. I Åseral er bruk av heiane kultur, Åseral Høgre meiner at ein ikkje skal bli kriminalisert om ein utøver friluftsliv med snøskuter. Den Gode snøskuterkulturen ønsker vi at framtidas unge skal få glede av.

Åseral Høgre vil:

- Eit levande sentrum der vi legg til rette for Næring, ungdomsklubb og bustader.
- Fortsette arbeidet for at idretten i Åseral skal ha gode kår
- Jobbe for at den gode snøskuterkulturen blir akseptert
- Sikre at oppveksande slekter kjenner til lokalhistoria
- Kommunen skal aktivt jobbe for å finne lokasjon til Snøskuter bane/løype.
- Støtte store og små kulturarrangement som syner mangfaldet i kommunen
- Sikre fortsett drift av Frivilligsentralen, og støtte utvikling.
- Støtte aktivitetar som til dømes mekkeklubb, motocross med meir.
- Fortsette å forskottere spelemidlar der ei utsetjing kan være til hinder for gode prosjekt.



Kandidatliste

1. Bjarne Haugstad (1956)
2. Willy Hodne Murbræch (1966)
3. Egil Håvorstad (1956)
4. Geir Arne Flottorp (1959)
5. Odd Hallvard Kjellby (1964)
6. Michael Koller (1959)
7. Ole Johnny Røyland (1965)
8. Sandra Lindefjeld Hodne (1963)
9. Bjørge Fossdal (1961)
10. Andre Furulund (1985)



Moglegheiter
for alle

Åseral Høgre

